



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset - møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>14.05.2014</b>
<b>Kl.</b>	<b>09.00 – 12.30</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Nils P. Støyva, Ap**  
**Anders Ryssdal, Sp**  
**Karen Marie Hjelmeseter, Sp**  
**Jenny Følling, Sp**  
**Noralv Distad, H**  
**Frank Willy Djuvik, FrP**  
**Marit Barsnes Krogsæter, V**  
**Trude Brosvik, KrF**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Bjørn Birger Bremer**

**Sekretariat for møtet:**

**Knut Henning Grepstad**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Etter framlegg frå Jenny Følling vedtok fylkesutvalet å handsame ny sak om ferjeavløysingsmidlar.

Fylkesutvalet fann fylkesordførar Åshild Kjelsnes inhabil til å delta i handsaminga av sak 41/14, Jenny Følling fungerte som fylkesordførar under behandlinga av saka.

Fylkesutvalet vedtok å innkalle til møte 23.05.14 etter møte med Stortingsbenken med fleire for å handsame fråsegn om landbruksoppgjæret og for å få ei orientering om anbodskonkurranse – fylkesvegferjer.

Jenny Følling oppmoda om at fylkesutvalet får ei orientering om mogleg plan for ladestasjonar for el-bilar.

## **SAK 41/14 Ny høyring av ruteprogram - anbudsruiter i Norge gjeldande frå 17.09.2012**

### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

- 1 Fylkesutvalet ber Widerøe om å finne løysingar som sikrar behovet for eit ettermiddagsfly frå Anda lufthamn Sandane på laurdagar. Vi oppmodar Widerøe på nytt om å sette opp ruter som gjer det muleg å reise fram og tilbake Sandane-Oslo tur/retur også på laurdagar.
- 2 Avgangane morgon og kveld som går frå Sandane via Sogndal til Oslo og med returen på kvelden er ofte fulle. Vi ber Widerøe derfor om å opprette fleire ruter som dekker behovet til det auka talet reisande frå Sandane og Sogndal.
- 3 Fylkeskommunen sitt tidlegare krav om eit fast nattstasjonert fly på Haukåsen (Sogndal) står ved lag. Sjølv om dette ikkje er ein del av anbudskrava frå Samferdsledepartementet, vil fylkesutvalet oppmode Widerøe om å vurdere ei løysing for dette i komande ruteplanperiode. Dette må ikkje bety at det nattstasjonerte flyet på Anda blir teke vekk.
- 4 Fylkesutvalet har fleire gonger peika på behovet for eit betre rutetilbod med fly frå Bergen til Førde, Sogndal og Sandane på ettermiddag. Rutetilbodet slik det er i dag er ikkje lagt til rette for at folk skal reise med fly frå Bergen til Førde, Sogndal og Sandane. Fylkesutvalet ber om at Widerøe set opp eit ettermiddagsfly frå Bergen til desse flyplassane.
- 5 Fylkesutvalet meiner det er avgjerande at flytilbodet er tilpassa brukarane av flya. Det er viktig at ein også sikrar nok kapasitet for dei selskapa som har helikoptertrafikk til/frå Florø. Fylkesutvalet krev difor at fylgjande endringar vert gjort på Widerøe sine flygingar til/frå Florø lufthamn:
  - a. Rute WF123 Florø-Oslo endrast slik at ruta startar i Florø kl.07:10 alle yrkedagar og korresponderer med Kystvegekspressen og dei lokale båtrutene i Flora kommune.
  - b. Rute WF 102 flyr direkte t/r Bergen-Florø. Avgang til Bergen bør vere kl.08:15.
  - c. Rute WF101 Florø-Bergen vert endra slik at ho startar i Florø kl.07:15 alle yrkedagar.
  - d. Avgang WF127 kl.18:00 frå Florø med ankomst Oslo kl.19:05 alle yrkedagar.
  - e. Avgang WF111 kl.18:10 frå Florø med ankomst Bergen kl.18:45 alle yrkedagar.
  - f. Avgang WF117 kl.20:30 frå Florø med ankomst Bergen kl.21:05 alle yrkedagar.
  - g. Avgang WF134 kl.13:00 frå Oslo med ankomst Florø kl.14:05 alle yrkedagar.

### **Endringsframlegg:**

**Høgre og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 5 i staden for punkt 5 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

5. Fylkesutvalet syner til at Widerøe sitt ruteopplegg på Florø Lufthamn i mange samanhengar ikkje er tilpassa andre kommunikasjonssystem. Spesielt vil ein peike på at ein ikkje har flyruter som sikrar korrespondanse med båttrafikken på morgonavgangane. Widerøe har lova å gje ei tilbakemelding til kommune og lokalt næringsliv på korleis ein kan få til betre samordning, utan at Widerøe har fulgt dette opp.

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 6:

6. Fylkesutvalet syner og til, og sluttar opp om vedlagde uttalar frå Flyplasskommunane som ligg innanfor ramma i anbudet. Fylkesutvalet ber om fleire direkteruter frå Førde til Oslo og Bergen.

### **Avrøysting:**

Punkta 1 til 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen, Høgre og Framstegspartiet sitt framlegg til nytt punkt 5 og fylkesutvalet sitt framlegg til nytt punkt 6 vart samrøystes vedtekne. Fylkesrådmannen si tilråding til punkt 5 kom ikkje opp til avrøysting.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

- 1 Fylkesutvalet ber Widerøe om å finne løysingar som sikrar behovet for eit ettermiddagsfly frå Anda lufthamn Sandane på laurdagar. Vi oppmodar Widerøe på nytt om å sette opp ruter som gjer det muleg å reise fram og tilbake Sandane-Oslo tur/retur også på laurdagar.
- 2 Avgangane morgon og kveld som går frå Sandane via Sogndal til Oslo og med returen på kvelden er ofte fulle. Vi ber Widerøe derfor om å opprette fleire ruter som dekker behovet til det auka talet reisande frå Sandane og Sogndal.
- 3 Fylkeskommunen sitt tidlegare krav om eit fast nattstasjonert fly på Haukåsen (Sogndal) står ved lag. Sjølv om dette ikkje er ein del av anbudskrava frå Samferdsledepartementet, vil fylkesutvalet oppmode Widerøe om å vurdere ei løysing for dette i komande ruteplanperiode. Dette må ikkje bety at det nattstasjonerte flyet på Anda blir teke vekk.
- 4 Fylkesutvalet har fleire gonger peika på behovet for eit betre rutetilbod med fly frå Bergen til Førde, Sogndal og Sandane på ettermiddag. Rutetilbodet slik det er i dag er ikkje lagt til rette for at folk skal reise med fly frå Bergen til Førde, Sogndal og Sandane. Fylkesutvalet ber om at Widerøe set opp eit ettermiddagsfly frå Bergen til desse flyplassane.
- 5 Fylkesutvalet syner til at Widerøe sitt ruteopplegg på Florø Lufthamn i mange samanhengar ikkje er tilpassa andre kommunikasjonssystem. Spesielt vil ein peike på at ein ikkje har flyruter som sikrar korrespondanse med båttrafikken på morgonavgangane. Widerøe har lova å gje ei tilbakemelding til kommune og lokalt næringsliv på korleis ein kan få til betre samordning, utan at Widerøe har fulgt dette opp.
- 6 Fylkesutvalet syner og til, og sluttar opp om vedlagde uttaler frå Flyplasskommunane som ligg innanfor ramma i anbodet. Fylkesutvalet ber om fleire direkteruter frå Førde til Oslo og Bergen.

-----  
**SAK 42/14      Regional plan Ottadalsområdet - slutthandsaming**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkesutvalet sluttar seg førebels til framlagt utkast til Regional plan for Ottadalsområdet, med plankart og –rapport datert 27. mars 2014, jf. prenta vedlegg.
2. Fylkesutvalet ber om at styringsgruppa vert kalla saman for å prøve å kome fram til eit samlande framlegg på bakgrunn av det vedtak som nyleg er gjort i Oppland fylkesting.
3. Fylkesutvalet ber om at saka vert fremja på nytt når det ligg føre eit samla framlegg til plan inklusive handlingsprogram.

**Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 1 i staden for punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

1. Saka vert utsett.

**Avrøysting:**

Fylkesutvalet sitt framlegg til nytt punkt 1 og punkt 2 og 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Saka vert utsett.
2. Fylkesutvalet ber om at styringsgruppa vert kalla saman for å prøve å kome fram til eit samlande framlegg på bakgrunn av det vedtak som nyleg er gjort i Oppland fylkesting.
3. Fylkesutvalet ber om at saka vert fremja på nytt når det ligg føre eit samla framlegg til plan inklusive handlingsprogram.

-----  
**SAK 43/14      Regional plan for Nordfjella - slutthandsaming**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek Regional plan for Nordfjella, med plankart og –rapport datert 6. januar 2014, i samsvar med plan- og bygningslovas § 8-4.
2. Fylkestinget ber om at det, i samarbeid med Buskerud og Hordaland fylkeskommunar, vert utarbeida eit tilhøyrande handlingsprogram. Dette skal fremjast som eiga politisk sak.
3. Vedtaket vert gjort under føresetnad av tilsvarande vedtak i Buskerud og Hordaland fylkeskommunar.

**Endringsframlegg:**

**Høgre** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 4:

Tillegg til handlingsplanen, punktet vassdragskonsesjonar i vilkårsrevisjonar: Berørte kommunar må delta i det skisserte prosjektet og i dialogmøte.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesrådmannen og Høgre sitt framlegg til nytt punkt 4 vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek Regional plan for Nordfjella, med plankart og –rapport datert 6. januar 2014, i samsvar med plan- og bygningslovas § 8-4.
2. Fylkestinget ber om at det, i samarbeid med Buskerud og Hordaland fylkeskommunar, vert utarbeida eit tilhøyrande handlingsprogram. Dette skal fremjast som eiga politisk sak.
3. Vedtaket vert gjort under føresetnad av tilsvarande vedtak i Buskerud og Hordaland fylkeskommunar.
4. Tillegg til handlingsplanen, punktet vassdragskonsesjonar i vilkårsrevisjonar: Berørte kommunar må delta i det skisserte prosjektet og i dialogmøte.

**SAK 44/14 Høyringsuttale til søknad om løyve til å bygge Bredvatn kraftverk i Bremanger kommune**

**VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved Bredvatn kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt. Fylkeskommunen støttar søkjaren si prioritering av alternative løysingar.
2. Fylkeskommunen viser til forslaga om avbøtande tiltak i landskapsrapporten, og meiner at desse må gjennomførast. Fylkeskommunen viser til Bremanger kommune sitt innspel ang. lagring og plassering av tunnelmassar.

-----  
**SAK 45/14 Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge sju småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar - Jølsterpakken**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkeskommunen ser at det alt er bygt ut mange kraftverk både i Jølster og Gloppen og at det i «Jølsterpakken» er lagt fram seks nye småkraftprosjekt i Jølster og eitt i Gloppen. Fylkeskommunen meiner likevel at landskapsrommet i området er stort, og at dei nye prosjekta ikkje vil påverke hovudinntrykket av landskapet. Samla ulemper frå alle dei aktuelle prosjekta for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv er vurdert til å vere moderate, men ulempene varierer frå prosjekt til prosjekt.
2. Fylkeskommunen har vesentlege merknader til fire av prosjekta: Kupekraft, Åmot, Driva og Paulen. Negative konsekvensar av utbyggingsframlegget vil først og fremst merkast lokalt, men for Kupekraft, Åmot og Driva vil dei merkast også for eit større område når det gjeld landskap og brukarinteresser.
3. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Øvrebø, Helgheim og Neselva II kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser. Fylkeskommunen rår til at det vert gitt konsesjon, på slike vilkår:
  - 3.1. For Øvrebø kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast til 200 liter/sek.
  - 3.2. For Helgheim kraftverk skal det leggst stor vekt på støydemping ved kraftstasjonen og tilpassing i høve til landskap og bygningsmiljø.
  - 3.3. For Neselva II kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast til minst 400 liter/sek.
4. Fylkeskommunen meiner at det må seiast nei til utbyggingsforslaget for Kupekraft kraftverk basert på rørgate og anleggsveg vest for Såtehaugen. Om det skal gjevast løyve til utbygging, må dette baserast på at vassvegen vert lagt i fjell. Av omsyn til landskap og brukarinteresser, må det sleppast meir vatn enn alminneleg lågvassføring (50 l/sek) frå inntaket. Fylkeskommunen foreslår 300 liter/sek.
5. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Åmot kraftverk og Driva kraftverk til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser og rår frå at konsesjon vert gitt. Det er lagt vekt på at elva Driva er eit viktig landskapselement både med fossen og stryka ved Høyset og små fossar og stryk høgare oppe i Haugadalen. Det er lagt vekt på at det gjennom Haugadalen går ei viktig turrute innover i Jostedalbreen nasjonalpark. Om det likevel skulle bli gitt konsesjon for Åmot og/eller Driva kraftverk, må minstevassføringa om sommaren aukast til minst 1,5 m<sup>3</sup>/sek for Åmot-prosjektet og 1,4 m<sup>3</sup>/sek for Driva-prosjektet.
6. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Paulen kraftverk til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser og rår frå at konsesjon vert gitt. Det er m.a. lagt vekt på at det regionalt viktige kulturminnet «Den trondhjemske postveg» går gjennom tiltaksområdet og at det fleire stader er direkte fare for å øydelegge dette kulturminnet.

### **Endringsframlegg:**

**Høgre og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak som nytt punkt:  
Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Åmot kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og rår til at konsesjon vert gitt.

**Høgre og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak som nytt punkt:  
Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Driva kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og rår til at konsesjon vert gitt.

**Høgre og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak som nytt punkt i staden for punkt 6 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:  
Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Paulen kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og rår til at konsesjon vert gitt.

**Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti og Venstre** sette fram slikt framlegg til nytt punkt vedkomande Åmot kraftverk:  
Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Åmot kraftverk til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser og rår frå at konsesjon vert gitt. Om det likevel skulle bli gitt konsesjon for Åmot må minstevassføringa om sommaren aukast til minst 1,5 m<sup>3</sup>/sek.

**Arbeiderpartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt vedkomande Driva kraftverk:  
Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Driva kraftverk til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser og rår frå at konsesjon vert gitt. Det er lagt vekt på at elva Driva er eit viktig landskapselement både med fossen og stryka ved Høyset og små fossar og stryk høgare oppe i Haugadalen. Det er lagt vekt på at det gjennom Haugadalen går ei viktig turrute innover i Jostedalsbreen nasjonalpark. Om det likevel skulle bli gitt konsesjon for Driva kraftverk, må minstevassføringa om sommaren aukast til minst 1,4 m<sup>3</sup>/sek for Driva-prosjektet.

**Senterpartiet og Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak som nye punkt 3.1 og 3.3 i staden for 3.1 og 3.3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

3.1 For Øvrebø kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast.

3.3 For Neselva II kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast.

### **Avrøysting:**

Punkta 1, 2 og 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.  
Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter, Noralv Distad og Frank Willy Djuvik røysta for framlegga frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet til punkt 3.1 og 3.3.

Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for fylkesrådmannen si tilråding til punkt 3.1 og 3.3.

Resten av fylkesrådmannen si tilråding til punkt 3 vart samrøystes vedteken.

Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for fylkesrådmannen sitt tilråding til punkt 5.  
Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter, Noralv Distad og Frank Willy Djuvik røysta mot fylkesrådmannen si tilråding til punkt 5.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti og Venstre sitt framlegg til nytt punkt vedkomande Åmot kraftverk.

Noralv Distad og Frank Willy Djuvik røysta for Høgre og Framstegspartiet sitt framlegg til nytt punkt om Åmot kraftverk.

Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter, Noralv Distad og Frank Willy Djuvik røysta for Høgre og Framstegspartiet sitt framlegg til nytt punkt om Driva kraftverk.  
røysta for fylkesrådmannen sitt tilråding til punkt 5.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for Arbeiderpartiet sitt framlegg til nytt punkt vedkomande Driva kraftverk.

Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen til punkt 6 – Paulen kraftverk.

Noralv Distad og Frank Willy Djuvik røysta for Høgre og Framstegspartiet sitt framlegg til nytt punkt vedkomande Paulen kraftverk.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkeskommunen ser at det alt er bygt ut mange kraftverk både i Jølster og Gloppen og at det i «Jølsterpakken» er lagt fram seks nye småkraftprosjekt i Jølster og eitt i Gloppen. Fylkeskommunen meiner likevel at landskapsrommet i området er stort, og at dei nye prosjekta ikkje vil påverke hovudintrykket av landskapet. Samla ulemper frå alle dei aktuelle prosjekta for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv er vurdert til å vere moderate, men ulempene varierer frå prosjekt til prosjekt.
2. Fylkeskommunen har vesentlege merknader til fire av prosjekta: Kupekraft, Åmot, Driva og Paulen. Negative konsekvensar av utbyggingsframlegget vil først og fremst merkast lokalt, men for Kupekraft, Åmot og Driva vil dei merkast også for eit større område når det gjeld landskap og brukarinteresser.
3. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Øvrebø, Helgheim og Neselva II kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser. Fylkeskommunen rår til at det vert gitt konsesjon, på slike vilkår:
  - 3.1. For Øvrebø kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast.
  - 3.2. For Helgheim kraftverk skal det leggast stor vekt på støydemping ved kraftstasjonen og tilpassing i høve til landskap og bygningsmiljø.
  - 3.3. For Neselva II kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast.
4. Fylkeskommunen meiner at det må seiast nei til utbyggingsforslaget for Kupekraft kraftverk basert på rørgate og anleggsveg vest for Såtehaugen. Om det skal gjevast løyve til utbygging, må dette baserast på at vassvegen vert lagt i fjell. Av omsyn til landskap og brukarinteresser, må det sleppast meir vatn enn alminneleg lågvassføring (50 l/sek) frå inntaket. Fylkeskommunen foreslår 300 liter/sek.
5. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Åmot kraftverk til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser og rår frå at konsesjon vert gitt. Om det likevel skulle bli gitt konsesjon for Åmot må minstevassføringa om sommaren aukast til minst 1,5 m<sup>3</sup>/sek.
6. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Driva kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser og rår til at konsesjon vert gitt.
7. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Paulen kraftverk til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser og rår frå at konsesjon vert gitt. Det er m.a. lagt vekt på at det regionalt viktige kulturminnet «Den trondhjemske postveg» går gjennom tiltaksområdet og at det fleire stader er direkte fare for å øydelegge dette kulturminnet.

-----

**SAK 46/14      Ev. bruk av forkjøpsrett ved erverv av fallrettar i Støylselvi for bygging av Gjengedal kraftverk i Gloppen kommune**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ikkje gjere sin forkjøpsrett gjeldande når det gjeld fallrettar i Støylselvi som skal nyttast ved bygging av Gjengedal kraftverk i Gloppen kommune.

**Avrøysting:**

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter, Noralv Distad, Frank Willy Djuvik og Trude Brosvik røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen. Marit Barsnes Krogsæter røysta mot tilrådinga frå fylkesrådmannen.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ikkje gjere sin forkjøpsrett gjeldande når det gjeld fallrettar i Støylselvi som skal nyttast ved bygging av Gjengedal kraftverk i Gloppen kommune.

---

## **SAK 47/14 Fylkesdelplan arealbruk**

### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkesutvalet ber om at det vert teke initiativ til å endre delar av kap. 3.2.4 i fylkesdelplan for arealbruk, slik at avgrensingane i gjeldande plan for arealbruk til utbygging av kjøpesenter i Måløy, Stryn, Sandane, Øvre Årdal og Høyanger, vert endra.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen å fremje endringsframlegget i samsvar med reglane i plan- og bygningslova.

### **Endringsframlegg:**

**Framstegspartiet og Høgre** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 1 i staden for punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

1. Fylkesutvalet ber om at det vert teke initiativ til å endre delar av kap. 3.2.4 i fylkesdelplan for arealbruk, slik at avgrensingane i gjeldande plan for arealbruk til utbygging av kjøpesenter i alle kommunane i Sogn og Fjordane, vert endra.

### **Avrøysting:**

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk ingen røyster.

Framlegget frå Framstegspartiet og Høgre til nytt punkt 1, og fylkesrådmannen si tilråding til punkt 2 vart samrøystes vedtekne.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet ber om at det vert teke initiativ til å endre delar av kap. 3.2.4 i fylkesdelplan for arealbruk, slik at avgrensingane i gjeldande plan for arealbruk til utbygging av kjøpesenter i alle kommunane i Sogn og Fjordane, vert endra.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen å fremje endringsframlegget i samsvar med reglane i plan- og bygningslova.

---

## **SAK 48/14 Førde kommune - Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 - 2026**

### **VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet meiner at kommuneplanen tek tak i sentrale utfordringar for Førde kommune som samfunn og organisasjon. Plandokumentet vil vere eit viktig styringsdokument når satsingsområda vert følgd opp i handlingsdelen og økonomiplanen
2. Fylkesutvalet rår til at kommunen i arbeidet med handlingsdelen definerer kva oppgåver kommunen kan løyse internt og kva oppgåver kommunen treng hjelp til frå fylke og stat.
3. Fylkeskommunen er innstilt på å gå i dialog med Førde kommune med sikte på å finne samarbeidsløysingar på område der fylkeskommunen kan bidra.
4. Fylkesutvalet rår til at kommunen i det vidare planarbeidet vurderer dei innspela som ligg i saksutgreiinga.



---

**SAK 49/14      Utpeiking av representant til styret i Ungt  
entreprenørskap**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkesrådmannen skal framleis utpeike fylkeskommunen sine to representantar til styret i Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

- a) Fylkesrådmannen skal utpeike fylkeskommunen sine to representantar til styret i Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane.
- b) Fylkesutvalet ber om å få framlagt ei sak om fylkeskommunen sin styrerepresentasjon i Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane i god tid før konstituering etter fylkestingsvalet 2015.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen kom ikkje opp til avrøysting

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

- a) Fylkesrådmannen skal utpeike fylkeskommunen sine to representantar til styret i Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane.
- b) Fylkesutvalet ber om å få framlagt ei sak om fylkeskommunen sin styrerepresentasjon i Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane i god tid før konstituering etter fylkestingsvalet 2015.

---

**SAK 50/14      Utpeiking av fylkeskommunale medlemmar til styret i  
Sogn og Fjordane Energi AS.**

**VEDTAK:**

Fylkesutvalet pekar ut følgjande fylkeskommunale representantar som kandidatar til Sogn og Fjordane Energi sitt styre for perioden juni 2014 til juni 2016:

Styreleiar: Per Atle Kjøllesdal

Vara: Laura Kvamme

Styremedlem: Arvid Bjarne Lillehaug

Vara: Nils P. Støyva

Styremedlem: Olin Johanne Henden

Vara: Svein Ottar Sandal

---

**SAK 51/14 Utpeiking av ny fylkeskommunal representant til styret i Fjord1 AS**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkesutvalet peikar ut følgjande person som ny fylkeskommunal representant i styret i Fjord1 AS for den resterande perioden av valperioden 2011-2015:

**Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Saka vert utsett
2. Det vert nytta ekstern kompetanse for å komme med tilråding til nytt styremedlem i styret for Fjord1 AS.

**Høgre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Som nytt styremedlem i Fjord1 AS vert vald: Bjørn Hollevik

**Avrøysting:**

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for framlegget frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti.

Framlegget frå Høgre kom ikkje opp til avrøysting.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Saka vert utsett
2. Det vert nytta ekstern kompetanse for å komme med tilråding til nytt styremedlem i styret for Fjord1 AS..

-----  
**SAK 52/14 SJH- sal av fylkeskommunen sine andeler i budeiehytte - Stondalen i Aurland**

**VEDTAK:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune sel sin andel på 11,9% i hytta på fellesstølen Stondalen i Aurland, til Einar og Gøril Lie. Total pris for hytta vert sett til 325 000 kr.

-----  
**SAK 53/14 Skriv og meldingar fylkesutvalet 14.mai 2014**

**Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama:**

- 1: Brev til Stortinget om Grunnlova, datert 25.03.14
- 2: Brosviksåta Vindpark - avslutning av prosjektet

- 3: Rapportar frå politisk deltaking - Jf. FT-sak 5/13 Folkevalde sine arbeidsvilkår - pkt. 4.1, og notat til FU 26.02.14 - sak 18/14, vedlegg 4
- 4: Sogn og Fjordane vassregion - Befaring med politikere
- 5a: Støttegruppa i Sogn og Fjordane - søknad om tilskot for 2014
- 5b: Støttegruppa Årsmelding 2013
- 5c: Støttegruppa årsmøte 080314

**VEDTAK:**

Fylkesutvalet løyver kr 10 000,- til minnemarkeringa 22. juli i Stryn. Løyvinga vert dekkja frå kontoen «fylkesutvalet til disposisjon».

-----«»-----

**Nils P. Støyva gjekk frå som ugild ved handsaminga av saka.**

- 6: Brev til Det Kongelige Helse- og omsorgsdepartementet: Kartlegging av fylkeskommunale oppgåver
- 7: Informasjon frå Arbeidsgruppe for Fylkeskommunale arbeidsoppgåver i ein modernisert kommunestruktur - nr. 5
- 8: Artikkel i avisa Firda 05.05.14 om Atløysambandet.

-----

**SAK 54/14      Eigendelsmidlar - Reiseliv i industriens vogge**

**VEDTAK:**

Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen sin del av finansieringa av prosjektet Reiseliv i industriens vogge vert henta frå ufordelte eigendelsmidlar i 2014.

Løyvinga til prosjektet vert gjort som del av tertialrapport 1/14.

-----

**SAK 55/14      Høyringsuttale til søknad og konsekvensutgreiing for Gjengedal kraftverk i Gloppen kommune og ny 132 kV kraftlinje frå kraftverket til Storebru eller Agledal i Flora kommune**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved Gjengedal kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt. Fylkeskommunen støttar søkjaren si prioritering av alternative løysingar.
2. Fylkeskommunen meiner at den nye 132 kV linja med tilhøyrande anlegg er nødvendige og fornuftige tiltak, og har ikkje merknader til dei overordna vurderingane og konklusjonane som er gjort i søknaden. Fylkeskommunen støttar søkjaren si prioritering av alternative linjetrasear, trafostasjonar og koplingsstasjonar.
3. Fylkeskommunen viser til Gloppen kommune sin uttale om utjamning av nettkostnader og støttar den.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak som tillegg til punkt 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

Linjeføring ved Klype må særskilt vurderast og tilpassast terrenget.

**Avrøysting:**

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter, Noralv Distad, Frank Willy Djuvik og Trude Brosvik røysta for punkta 1 og 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen og framlegget frå Senterpartiet.

Marit Barsnes Krogsæter røysta mot punkt 1 og 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen og framlegget frå Senterpartiet.

Punkt 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved Gjengedal kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt. Fylkeskommunen støttar søkjaren si prioritering av alternative løysingar.
2. Fylkeskommunen meiner at den nye 132 kV linja med tilhøyrande anlegg er nødvendige og fornuftige tiltak, og har ikkje merknader til dei overordna vurderingane og konklusjonane som er gjort i søknaden. Fylkeskommunen støttar søkjaren si prioritering av alternative linjetrasear, trafostasjonar og koplingsstasjonar. Linjeføring ved Klype må særskilt vurderast og tilpassast terrenget.
3. Fylkeskommunen viser til Gloppen kommune sin uttale om utjamning av nettkostnader og støttar den.

-----  
**SAK 56/14      Fråsegn om ordninga med ferjeavløysingsmidlar**

**VEDTAK:**

**Ferjeavløysingsmidlar.**

Sogn og Fjordane har 8 fylkesvegferjesamband. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber regjeringa om ei rask avklaring på bruk av ferjeavløysing på fylkesvegar. Manglande avklaring er eit hinder for realisering av konkrete prosjekt.

Ferjekostnadene stig kraftig. Nye anbod i fleire fylke syner at ferjekostnadene går opp med om lag 40%. Fylka må dekke ein stadig aukande kostnad med å subsidiere ferjedrifta. Dersom vi skal kunne oppretthalde frekvens og tilbod, må staten kompensere fylka for desse kostnadene. Det vil også medføre at fleire ferjeavløysingsprosjekt vil bli sjølvfinansierande.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at regjeringa likestiller ferjeavløysingsordninga på riksvegane og fylkesvegane. Ordninga må utvidast frå 30 år til 40 år. Alternativet er ferjer til «evig tid», og kostnadene med ferjedrifta kjem til å vere stadig aukande.

Dersom det skal verte likskap mellom ferjeavløysingsprosjekt på riksvegar og fylkesvegar, må staten syte for at overføringane til fylka held fram i 40 år etter at ferjeavløysingsprosjektet er realisert. Overføringane må vere like store som dei ville bli om ferjene framleis gjekk i sambandet. Vi vil då få gjennomført mange nye ferjeavløysingsprosjekt utan auka kostnader for staten.

Prosjekta står i kø langs heile kysten. Berre i Sogn og Fjordane har vi mange prosjekt i Regional Transportplan som kan få si realisering dersom regjeringa viser vilje til å legge nye beregningsmetodar til grunn som fangar opp kostnadene med ferjedrifta. Med eit slik grep vil både Atløysambandet og bru over Ytre Steinsund og prosjekt på 45-minuttsregionen nærme seg sjølvfinansiering.

Det er uttrykt politisk vilje til å sjå på dette frå fleire parti. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner difor at det må vere muleg å få realisert ordninga med ferjesubsidiar over 40 år ved at faktiske kostnader med ferjedrift vert rekna inn og indeksregulert i 40 år.

-----